

Klesplagg og fargar

Du skal velje eit bilde frå ein katalog der ein person viser fram klede.

Kameraten din skal velje eit anna bilde. De får ikkje sjå på bilda til kvarandre.

Først skal du beskrive personen på ditt bilde, og kameraten din skal høyre på og prøve å teikne personen. Så skal kameraten din beskrive sin person, og du skal teikne. Når de er ferdige, skal de samanlikne teikningane dykkar med bilda. Kva er likt? Kva er ulikt?

Du kan bruke desse setningane viss du vil:

Personen min er ei jente/ein gut.

Han/ho har langt/kort/lyst/mørkt/svart hår.

Han/ho har på seg ei T-skjorte. Det er ei raud T-skjorte.

Han/ho har på seg ei raud T-skjorte.

